



Rekneskapsrapport pr. januar - februar 2022

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:

Arkivsaksnr.:
22/2662

JournalpostID:
22/23101

Saksnr: 58/2022	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 28.04.2022
---------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr. januar - februar 2022 til orientering.

Bjørnafjorden, den 04.04.2022

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Samandrag:

Alle sektorane varslar om at det kan bli meirforbruk i 2022. Årsakene kan grovt delast i høge utgifter til korona-relatert fråvær og meirarbeid (ref. og sentral avtale om auka bruk av overtid og dobbel betaling for å sikre tilstrekkeleg med personell) og utfordringar med å tilpasse drifta til dei reduserte budsjetta for 2022. Det blir jobba kontinuerleg med tiltak for å redusere utgiftsnivået, men det blir stadig meir krevjande å finne innsparingstiltak. Høg inflasjon vil gi auka utgifter til kjøp av varer og tenester, og kan medverke til at årets lønsoppgjer blir dyrare enn forutsett. Lyspunktet er ein god skatteinngang, men skatteetaten opplyser at tala pr. februar er gjort etter gamal fordelingsnøkkel og vil bli korrigert i mars.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

Klima:

Saka har ikkje innverknad på klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje innverknad på folkehelsa.

Saksframlegg:

Samlerapport drift 2022 - Februar						
	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Forbruk %	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %
Frie inntekter	(165 930 971)	(1 173 946 000)	14 %	(259 543 858)	(1 595 409 000)	16 %
Finans	9 949 158	221 284 110	4 %	34 076 886	103 354 000	33 %
Fellesområde	12 322 856	(24 419 410)	-50 %	9 837 957	44 138 000	22 %
Stab	19 965 412	78 472 848	25 %	14 643 420	54 776 000	27 %
Oppvekst	139 781 813	685 450 101	20 %	142 920 387	697 780 000	20 %
Helse og Velferd	(11 607 444)	125 671 027	-9 %	144 614 929	616 642 000	23 %
Samfunnsutvikling	13 976 140	87 487 325	16 %	19 055 025	78 719 000	24 %
Sum	18 456 966	-		105 604 747	-	

Frie inntekter

Prognose: God skatteinngang pr. februar kan gi håp om meirinntekter, men vi må sjå an utviklinga når vi har fått korrigererte fordelingstal mellom stat og kommune.

Rammetilskot

Stortinget har vedtatt eit rammetilskot for Bjørnafjorden kommune på kr 730.086.000 for 2022. I etterkant av dette har Stortinget løyvd midlar for å kompensere kommunane for auka sosialhjelpsutgifter som følgje av dei høge straumprisane. For Bjørnafjorden kommune utgjær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

dette kr 1.041.000. Stortinget har og løyvd midlar til koronavaksinering i kommunane og forlenging av kvalifiseringsprogrammet som ein del av økonomiske tiltak i møte med pandemien. Desse løyvingane utgjer for oss hhv. kr 3.272.000 og kr 38.000. Kommunedirektøren vil fram mot 1. tertialrapport 2022 vurdere om han vil be kommunestyret overføre midlane til sektor for Helse og velferd.

Skatteinntekter

Pr. februar er skatteveksten i Bjørnafjorden kommune 18,4% og for kommunane samla 18,7%. Dette er svært høge og lovande tal. Deler av skatteinngangen blir forklart med at det er innbetalt ein høgare andel forskotsskatt før betalingsfristen samt at ein del skattytarar har fått endra skattekommune frå sokkel til bustadkommune. Skatteinntektene for januar og februar er fordelte etter same fordelingsnøkkel som i 2021. Nye fordelingsnøklar for 2022 er lågare for kommunesektoren (og høgare for staten), og det vil kome ein korreksjon i mars.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter omfattar integreringstilskot for flyktningar, midlar frå Havbruksfond og rentekompensasjon frå Husbanken. Pr. februar er det for tidleg å seie noko om utviklinga i desse postane. Integreringstilskotet er budsjettert i forhold til ordinært mottak av flyktningar. Vi reknar med at det vil kome ekstra overføringar i samband med flyktningane frå Ukraina. Midlar frå Havbruksfondet kjem normalt til hausten medan rentekompensasjonen ikkje kjem før i desember. Av desse er det mest spenning knytt til Havbruksfondet, som frå 2022 vil utdele midlar etter nytt fordelingsgrunnlag. I budsjettet for 2022 er det lagt til grunn ein inntekt på 8 mill. kr frå Havbruksfondet.

Finans

Prognose: Finans kan få eit negativt avvik i 2022 knytt til langsiktig finansportefølje.

Rentenivået har stige kraftig så langt i 2022. Ved starten av året var 3 mnd nibor renta 0,98%, medan renta ved utgangen av februar var auka til 1,17%. Det er god vekst i den norske økonomien og høg sysselsetting samtidig som inflasjonen er aukande. Så langt ser budsjettet for renteutgifter ut til å halde. Finansmarknaden har imidlertid hatt ein vanskeleg start på året, og pr. februar er avkastninga på langsiktig finansportefølje negativ med 7,3 mill. kr. Lågare vekstutsikter i verdsøkonomien og inflasjonspress kan forklare delar av dette, og den tragiske situasjonen i Ukraina med påfølgande innføring av økonomiske sanksjonar vil truleg forsterke dette.

Fellesområde

Prognose: Fellesområde har risiko for meirutgifter knytt til årets lønsoppgjer.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Pr. februar er det ikkje noko særskilt å merke til rekneskapen, men er ein del som tyder på at årets lønsoppgjer kan bli høgare enn budsjettert m.a. på grunn av auka prisvekst. Det er sett av 22 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjer. Eit høgt lønsoppgjer vil og medføre auka pensjonsutgifter.

Stab

Prognose: Stab kan få eit meirforbruk på ca. 2,5 mill. kr i 2022.

Mesteparten av det venta meirforbruket gjeld innsparingskrav på 1,5 mill. kr knytt til kommunale innkjøp. Kravet gjeld heile kommunen, men er ført på Stab. Kommunen har i dag innkjøpsavtaler på dei fleste områda, og nye konkurransar medfører som regel ikkje i lavere priser enn før, (ofte tvert i mot) sjølv om prisane sannsynlegvis er lavere enn om vi ikkje hadde brukt konkurranse som virkemiddel. Økonomiavdelinga ser ut til å få meirutgifter i år, knytt til nedbemanningstiltak som ikkje får heilårseffekt i 2022. HR avdelinga ser så langt ut til å drifte i balanse. Det er oppretta eit prosjekt for å omfordele budsjettmidlane vedr programvare lisensar, slik at sektorane i større grad får ansvar for egne lisensar. På kort sikt vil ikkje dette gi nokon innsparing, men vi reknar med at sektorane vil gjere ei betre prioritering av midlane enn slik ordninga er no der mesteparten av utgiftene blir ført sentralt.

Oppvekst

Prognose: Sektor Oppvekst kan få eit meirforbruk på nærare 17 mill. kr i 2022.

priskompensasjon) som sektoren ikkje har funne konkrete tiltak for. Stramme budsjett gjer det krevjande å finne nye innsparingstiltak. Priskompensasjon er berre gitt der vi er bunde av avtalar. Andre driftsposter er ikkje oppjustert frå 2021 til 2022 og dekker inn store delar av manglande priskompensasjon. Posten «kjøp frå andre kommunar/private mht grunnskuleundervisning» (gjeld barn plassert i andre kommunar av barnevernet) er redusert i tråd med forbruk frå siste år. Vi held enkeltstillingar ledige delar av året i samband med vakansar. Alle stillingar blir vurdert ved ledigheit.

Koronarelatert frávær har generert høge utgifter til vikar, særleg i skulane. Det vil bli kjøpt inn datautstyr til elevar (chromebooks) for over 4 mill. kr, men det er berre sett av 0,5 mill. kr i budsjettet. Frå hausten vil elevtalet gå litt ned noko som vil kunne gi innsparingar, men lite optimale klassedelingsstal og mange søknader om topp-ressurs (elevar med store hjelpebehov) drar i motsett retning. Det er fare for eit samla meirforbruket på skuleområdet på nærare 12 mill. kr i 2022. Oppvekst-reforma ser ut til å gi kraftig auke i kostnadene til barnevernet. Auken gjeld alt frå plasseringar i fosterheim til ulike miljøterapeutiske tiltak i heimen. Det ligg an til eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr i 2022. Barnehagane har ein nedgang i barnetalet og har ikkje hatt like store meirutgifter til sjukevikar i samband med korona som i skulane, ettersom det i barnehagane har vore råd å redusere talet på vaksne når mange barnehagebarn har vore sjuke samtidig. Vi ventar såleis at barnehage området driftar i balanse og/eller kan bidra til å redusere meirforbruket i andre delar i sektoren.

Helse og velferd

Prognose: Sektor Helse og velferd kan får eit meirforbruk på ca. 29,7 mill. kr i 2022.

Helse og velferd tar fatt på sitt første år etter SIO prosjektet. Ein del utgifter som tidlegare har blitt dekkja av prosjektet må dekkast innafor budsjetttramma eller avviklast. Som tidlegare gjer brukargrupper med komplekse sjukdomsbilete situasjonen krevjande både med omsyn til bemanning/kompetanse og økonomi. Rekruttering til pleie- og omsorg er i utgangspunktet utfordrande, og eit skyhøgt koronarelatert frávær gjer situasjonen svært krevjande. Organisatoriske endringar og ulike innovasjonsprosjekt er under planlegging og vil ha som del-mål å redusere utgiftene. Pr. februar ser det likevel ut til å bli eit meirforbruk innan pleie og omsorg på ca. 11,2 mill. kr. Meirutgifter til BPA (Brukarstyrt Personleg Assistanse) kjem i tillegg til dette, der er det venta eit meirforbruk på ca. 4,5 mill. kr. Legevakt og legetenester slit med rekrutteringsutfordringar også i år, spesielt gjeld dette i Eikelandsosen der fleire av fastlege heimlane står ledige. Legar som inngår i legevaktordninga har høg belastning og manglar medisinsk-fagleg hjelp. Det vil bli lagt fram sak til kommunestyret om tiltak for å

betre legevakt situasjonen i Eikelandsosen. Prognose pr. februar tyder på at eining for legevakt og legetenester vil få eit meirforbruk på ca. 9 mill. kr i 2022. Stadig auke i barn som treng avlastning gjer at eining Tilrettelagte tenester for barn og unge kan få eit meirforbruk på ca. 4 mill. kr i år. Helsefremming og rehabilitering meldar om ca. 1 mill. kr i meirforbruk, i hovudsak knytt til transport og opphald på dagsenter «Øvreeide gard» som ikkje er budsjettert. Tilrettelagte tenester for vaksne, NAV og Psykisk helse og rus ser så langt ut til å drifte i balanse.

Samfunnsutvikling

Prognose: Sektor Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på ca. 2,5 mill. kr i 2022.

Vintervedlikehaldet ser ut til å bli ei utfordring også i år, og det er varsla eit meirforbruk på ca. kr 2 mill. Brannvesenet meldar om meirutgifter på kr 2,5 mill., som relaterer seg til utrykkingar og oppgradering av ny 110-sentral. Utgifter til straum i kommunale bygg vil få eit kraftig hopp i år. Sektoren vil sette inn tiltak for å redusere meirutgifter. Vidare vil vedlikehaldsfond og sal av konsesjonskraft bidra til å balansere driftsøkonomien ut året.

Bjørnafjorden, den 04.04.2022
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef